KVAM HERAD

# Referat

Hordaland fylkeskommune
10 NOV 2014

**Til** Hordaland Fylkeskommune
Boks 7900
5020 BERGEN

**Dato:** 06.11.2014

**Frå** Jon Nedkvitne

**Vår ref:** 14/1019-6/N-135//JONE

## Referat frå møte i prosjektgruppa -moglegheitsstudie i Norheimsund

| **Møte** | | **Referat** | | |
|---|---|---|---|---|
| ***Dato*** | 31.10.2014 | ***Deltakarar*** | Jon Nedkvitne, Kvam herad<br>Arild McClellan Steine, Kvam herad<br>Astrid Anett Steine, Kvam herad<br>Borghild Storaas Ones, Kvam herad<br>Sidsel Haugen, Grannehjelpa<br>Geir Madsen, Hardanger fartøyvernsenter<br>Leiv Ingmar Kaale, Kvam herad<br>Nils Skaar, Grunneigar<br>Gjermund Storaas, Norheimsund grendeutval | |
| ***Stad*** | Kvam rådhus | ***Forfall*** | | |
| ***Referent*** | Jon Nedkvitne | ***Kopi*** | | |

| **Nr** | **Sak** | **Frist** | **Ansvar oppfølging** |
|---|---|---|---|
| | • Innleiing ved Jon Nedkvitne | | |
| | • Første tema –kvartalsstruktur.<br><br>Diskusjon om å dela området inn i ein kvartalsstruktur. Prosjekt gruppa hadde ulike syn på om dette var rett, og evt kva som skulle vera innafor kvar struktur. Spesielt usemje om korleis ein kan nytte Straumhaugen i ein slik kvartalsstruktur. Skal me utnytta dei grøne verdiane som alt er der, eller evt til forretning eller bustad, og oversjå dette grøntområdet i sentrum. Det vart mellom hevda at det er nok av «grøne område» i sentrum i dag. Spesielt ynskje om butikkar på gateplan og sentrumsnære bustadar.<br><br>Moment for ein kvartalsstruktur, der kvartalsstrukturen vert inndelt av gjennomgåande gater.<br>Byggjer på ein struktur som alt er i området, og i Norheimsund<br>Lett tilkomst til eigedommane innafor området<br>Fjernar ingen hus, om det vert ein slik struktur | Tilbakemelding til Asplan Viak | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Kan utvikla område for område innafor kvartalsstrukturane<br><br>Moment mot ein kvarstalsstruktur, med gjennomgåande gater.<br>Det er ikkje nødvendig med køyrevegar igjennom området, tilkomsten er like god uten og det kan byggjast på ein struktur uten køyretilkomst.<br>Strukturen er ikkje det viktigaste, først må ein finne ut kva området skal nyttast til dei næraste tiåra<br>Området kan godt utviklast uten at «alle» strukturane først er på plass.<br><br>Gruppa var ikkje samde om kva som er den beste løysinga. | | |
| | • . Bruk av den gamle ungdomsskuletomta<br><br>I diskusjonen om bruk av den gamle ungdomsskuletomta, vart ikkje skulen sett på som «heilag» i høve til riving ei gong i framtida, for å få utnytta tomta.<br><br>Samde om at tomta har eit stort potensiale for ulike offentleg funksjonar i framtida, som skule kultur mm, med nærleik til og sambruk med barneskulen Det må vera ein fleirbruk av området, som skapar aktivitet «heile døgnet». Her må det vera eit breitt offentleg samarbeid, mellom kommune, fylkeskommune og staten.<br><br>Det må vera ein logisk samaheng i mellom den gamle ungdomsskulen og Grove, Haldeplasssen, høgdeskilnaden er eit hinder, og virkar avvisande i dag.<br>Parkering og tilkomst kan/bør vera evt rett i frå Grove.<br><br>Nederst i Grovabrotet, er butikkar det mest aktuelle på begge sidene av hovudgata i sentrum. Delar av gruppa meinta at det måtte vera eit tosidig gateløp med butikkar heilt fram til Straumen.<br><br>Oppsummeringa i frå idédugnaden manglar evt «vidaregåande skule» og «basseng» som ein del av moglegheitene for tomta.<br><br>Prosjektgruppa var mykje meir samstemt på dette tema, enn tema om kvartalsstruktur | Tilbakemelding til Asplan Viak | |
| | Grunnlagskartet for idédugnaden bør oppdaterast, dette er forelda i høve til dagens situasjon. Kart og terreng stemmer ikkje heilt. | Tilbakemelding til Asplan Viak | |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bra Bolig AS | Gamlehaugvegen 20 | 5230 | PARADIS |
| Esso Norge AS | P.boks 60 | 4064 | STAVANGER |
| Grannehjelpa | Sandvenvegen 3 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Grovabrotet AS | Norheimsvegen 84 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Hardanger fartøyvernsenter | Kaldestad | 5600 | NORHEIMSUND |
| Hardanger fartøyvernsenter | Kaldestad | 5600 | NORHEIMSUND |
| Hordaland Fylkeskommune | Boks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Iversen l/l | c/o Iversenbygget | 5600 | NORHEIMSUND |
| Kari Elin Aksnes | Grovabrotet 2 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Nils Frode og Liv Skaar | Postboks 94 | 5601 | NORHEIMSUND |
| Norheimsund grendelag | v/Bjørgul Hauger | 5600 | NORHEIMSUND |
| Norheimsund næringslag. | Grove 10 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. | v/Gunnar Helle | 5630 | STRANDEBARM |
| Sveinung Soldal Valland | Gamle Dalavegen 4 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Ungdomsrådet i Kvam | v/Magnus Thorvik | 5600 | NORHEIMSUND |
| Hardanger fartøyvernsenter | Kaldestad | 5600 | NORHEIMSUND |

Jon Nedkvitne
Samfunns- og utviklingssjef